




OPPGÅVEPROGRAM
BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOR FOSNAVÅG
PARALLELLOPPDRAG



INVITASJON

Særpreg, identitet og ynskje om vekst og utvikling av kystbyen Fosnavåg står sentralt når ein inviterer til parallelloppdrag. Gjennom bærekraftige prinsipp og innovative løysingar skal ein legge grunnlaget for at Fosnavåg tek nye steg framover der attraktivitet og bærekraft står sentralt.

Frå eit einsleg og einsidig fiskevær med nokre få bustadhus kring 1900, har staden vakse seg fram, utvikla seg og skifta form i fleire epokar. Dei naturgitte forutsetningane med avgrensande fjellformasjonar, hamna og øvrig avgrensing mot sjøen har heile tida gitt klare rammer for utviklinga av Fosnavåg sentrum. I nyare tid har dette resultert i aukande knappheit på areal, men samstundes har denne utfordringa gitt føringar for ein arealeffektiv bruk av sentrumsområda.

Utviklingsalternativa har vore meir intensiv utnytting av tilgjengelege areal eller innvinning av nytt areal ved utfylling i sjøen. Dette er også bakteppet for dagens situasjon når ein no skal legge grunnlaget for vidare vekst og utvikling av kommunesenteret.

Gjennom visjonen «Herøy- ei båtlengd føre» skal ein styrkje felleskjensla, skape engasjement, sikre medverknad og drive utviklinga framover.

Velkommen til vakre Fosnavåg og lukke til med parallelloppdraget.

Fosnavåg, september 2014
Arnulf Goksøyr
Ordførar

INNHALD

1	BAKGRUNN	3
2	OM PARALLELLOPPDRAGET	7
3	OPPGÅVA	8
	ARELABRUK OG TRANSPORT	9
	KLIMAVENNLEG BYGGING	10
	ENERGI OG BYMILJØ	11
	ARKITEKTER OG ATTRAKTIVITET	12
4	PRAKTISKE OPPLYSINGER	13
	AKTIVITETSPLAN	13
	MIDTVEGS INNLEVERING	13
	AVSLUTTANDE INNLEVERING	14
	INNLEVERINGSFORM	15
	ORGANISERING	15
	EVALUERING	15
	FORSIKRING	15
	EIGEDOMS- OG OPPHAVSRETT	15
	UTSTILLING AV UTKAST	15
	FORHOLD ETTER PARALLELLOPPDRAGET	15
	KONTAKTINFORMASJON	15
	OM VEDLEGG	15



1

BAKGRUNN

VÅR VISJON

"Herøy – ei båtlengd føre"

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen er ikkje retta mot næringslivet, men er ein visjon for organisasjonen og kommunen som heilskap og som gjennomsyrrer Herøyværinga på alle samfunnsområde.

Visjonen til Herøy kommune skal vere offensiv og har forankring i det marine og maritime, den knyt saman historie og framtid, den skal skape identitet, styrke felleskjensla og mane til å skape noko nytt. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant og kvar andre kan løfte utviklinga vidare.

FOSNAVÅG I STØYPESKEIA

Fosnavåg er det økonomiske og administrative sentrum i kommunen. Her er rådhus, bygater og hamn der både fiskebåtar og turistar legg til. Det skålforma landskapet med vågen i botnen og dei bratte fjellsidene har vore med på å strukturere busetting og utvikling. Desse stramme rammene vil også prege den vidare utviklinga, men ein vil gje plass til utviding av sentrum både ved å fylle ut i vågen og å utvikle eksisterande område.

For å gje retning til utviklinga har Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune starta eit prosjekt med fokus på bærekraftig utvikling og byplanlegging. Ein ynskjer at staden vert kjent for å vere ein spydspiss i «bærekraftig byutvikling», lik det ein er i maritim sektor. Dette vil kunne gjere staden meir attraktiv for busetjing og gjere framtidig rekruttering av kompetanse lettare, ein kompetanse som både kommune og bedrifter treng.

Kommunen har gjennom stadanalysen frå 2008 vurdert ulike framtidsbilete knytt til ambisjonar og utviklingsvilje for å skape ein samordna by.

Analysen såg nærare på utviklingspotensiale og område for å styrke funksjonar, særpreg og identitet. Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel ønskjer ein no å sjå fleire store utbyggingsprosjekt i Fosnavåg sentrum og nærområdet til Fosnavåg i samheng og skape synergieffekt mellom dei ulike prosjekta. Mellom anna skal ein finne ny bruk for eit nedlagt fiskebruk som ligg nær sentrum.





MÅLSETJINGAR FOR FOSNAVÅG BY

Fosnavåg by skal:

- Vere ein attraktiv og bærekraftig stad med urbane kvalitetar
- Vere ein blågrønn stad med maritimt preg som tek vare på bymiljø
- Ha bærekraftige og innovative løysingar mot transport, val av materiale og energibruk
- Ha sosiale møteplasser, bumiljø og arkitektoniske kvalitetar av høg klasse
- Ha ein kvardag utan bil ved korte reiser
- Ha eit folkerikt sentrum tilrettelagt for alle
- Utvikle kvalitetane med nærleik til sjø
- Ta omsyn til lokale klimatiske tilhøve

Kart som viser influensområde (gult), 500 meters-byen med fokus på detaljhandel (blå figur).



PARALLELLOPPDRAGET SKAL BIDRA TIL

Den maritime innovasjonskrafta er sterk og bidreg til auka identitet, styrkjer felleskjensla og manar aktivt til å skape noko nytt. Gjennom bevisste val skal parallell-oppdraget bidra til å styrkje den innovative krafta som er i samfunnet og gjere Fosnavåg til ein attraktiv plass for bustad- og næringsetablering.

Vidareutvikling av kvadraturen med heilskapleg sjøfront og understreking av staden sitt kjennemerke står sentralt.

Vidare vil følgjande element stå sentralt i oppgåva:

- Sambinding mellom ny og gamal bydel
- Estetikk
- Byrom
- Parkering
- Ramme for framtidig utbygging
- Folks medverknad og samarbeid om ulike sentrumstiltak mellom ulike nivå
- Arkitektur som synleg element skal vise kommunen som spydspiss

FRAMTIDAS BYGDER

Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg er eit pilotprosjekt i den nasjonale satsinga Framtidens bygder i regi av Norske arkitekters landsforbund i samarbeid med TreFokus og miljøstiftelsen ZERO.

Programperioden for Framtidens bygder varer ut 2015. Formålet er å vise i praksis korleis ein planlegg og byggjer på mindre stadar og som fører Norge i retning av eit klimanøytralt samfunn.

I Framtidens bygder er det fokus på fire hovudtema; areal og transport, klimavenleg bygging, energi og bymiljø, arkitektur og attraktivitet.

Desse hovudtema vil også gjelde for parallell-oppdraget i Fosnavåg.





2

OM PARALLELLOPPDRAGET

Parallele oppdrag er valt for å få ein meir open prosess med brei fagleg diskusjon.

Prosessten er valt forði:

- Grupper skal dele røynsle undervegs
- Prosessten mot ferdige forslag kan påverkast
- Kompetanseheving gjennom dialog skal ein prioritere
- Ein skal få eit best mogleg grunnlag for utarbeiding av ein reguleringsplan

Ingen vinner vert kåra og dei ulike forslaga kan alle bidra til utforming av ein områdeplan. Evalueringskomiteen vil i sin rapport ikkje foreta noko rangering eller gi noko tilråding om oppdragstildeling.

I etterkant av oppdraget er det sannsynleg at kommunen engasjerer enkelte deltakarar i eit vidare arbeid mot eit ferdig produkt. Dette kan vere arbeid som omfattar både heilskaplege løysingar på områdenivå og oppdrag med utgangspunkt i gode løysingar av enkelttema eller –område. Kven som vert valt og korleis dette skal gjennomførast vert opp til kommunen å avgjere i ettertid.

RESULTAT

Føremålet med parallelloppdraget er å få fram gode, realistiske og visualiserte idear og løysingar for ei attraktiv og bærekraftig byutvikling i Fosnavåg. I oppdraget vert det og etterspurt ei skildring av kva for prosessar som kan bidra til å sikre utviklinga av Fosnavåg slik gruppene ser det for seg.

Forslaga skal leggst fram på ein slik måte at idear kjem klart fram og eignar seg som grunnlag for medverknad og offentlig debatt. Det er samstundes eit mål at prosessten rundt parallelloppdraget skal bidra til kompetanseheving hjå alle involverte partar, både kommunen sine tilsette, dei ulike deltakande gruppene, grunneigarar og næringslivet i og rundt Fosnavåg.

Forslaga skal danne grunnlag for seinare utarbeiding av ein område/detaljreguleringsplan som omfattar både delar av eksisterande sentrum og det nye byutviklingsområdet. Arbeidet med reguleringsplan(ar) tek til etter at parallelloppdraget er ferdigstilt.

GJENNOMFØRING

Arkitektgruppene skal delta på eit første seminar i Fosnavåg, eit todagars seminar midtvegs og eitt avsluttande seminar. Evaluering av forslag er forventa gjennomført 4 veker etter det siste avsluttande seminaret og konklusjonane frå evalueringa vert publiserte.

På midtvegsverkstaden skal gruppene leggje fram arbeidet dei har gjort. Dei skal ta imot kommentarar og råd frå fagfolk innan relevante tema, frå kommunen sitt eige fagmiljø, grunneigarar, næringsliv og andre partar. Verkstaden skal leiast av ein eigen prosessleiar som legg opp til diskusjon mellom gruppene og andre deltakarar. Tilbakemeldingar som gruppene får på midtvegsverkstaden skal dei ta med seg i det vidare arbeidet. I samband med endeleg innlevering skal det haldast eit avsluttande seminar der gruppene presenterer sine løysingar. Løysingane vil verte diskutert og kommentert.

3

OPPGÅVA



GENERELT

Gjennom parallelloppdraget ynskjer kommunen å få ulike forslag til korleis sentrum av Fosnavåg skal utviklast framover slik at Fosnavåg viser seg som attraktiv og tenleg for framtida.

Hovudfokus vert å synleggjere moglegheitene som dette prosjektet kan gi for Fosnavåg på kort og lang sikt. Vi ønskjer og idear som viser utviklingspotensialet til sjøfronten og sambindingar mellom ny og gamal bydel. Nye Fosnavåg skal vise seg som ei heilskapleg eining med attraktive utbyggingsområde med bærekraftige prinsipp og som følgjer opp dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplanen sin samfunnsdel jfr. vedlegg.

Idear skal ha ein klar handel- og næringsdrivande effekt.

Sambindinga mellom Vågsholmen og Fosnavåg sentrum med omsyn til korleis gang- og sykkelvegnettet over sundet skal koplast saman vil vere viktig å synleggjere og verknadane av ei slik sambinding.



PROSESS FOR Å UTVIKLE FOSNAVÅG

Ønskje om å skape ein bærekraftig, innovativ og urban by handlar ikkje berre om å endre staden si utforming, det handlar og om å endre folks haldningar og vanar.

Gode prosessar og strategiar som sikrar folk medverknad til å delta må være ein viktig del i arbeidet med å forme Fosnavåg for framtida. Sikre eigarskap, stoltheit og lokal forankring er viktig. I arbeidet med å transformere ein stad kan midlertidige aktivitetar i sentrum vere ein måte å prøve ut nye bruksområde, samtidig som ein skapar aktivitet og merksemd rundt prosessen.

Forslaga for gjennomføring av ideane i konkurransen skal m.a. gi innspel om:

- Korleis medverknad skal sikrast i utviklingsprosessen og korleis engasjement kan skapast og oppretthaldast etter at parallelloppdragets slutt
- Korleis innbyggjarar kan motiverast til å bidra til ein bærekraftig bruk av bygningar og ressursar
- Korleis næringslivet kan bidra til utvikling av byen (offentleg - privat samarbeid)
- Korleis midlertidig bruk av sentrum og andre areal kan inngå som ein bevisst strategi i byutviklinga
- Korleis ein kan oppnå ei stegvis utvikling med prioriterte tiltak undervegs i prosessen

HOVUDTEMA I OPPGÅVA

1. Arealbruk og transport
2. Klimavenleg bygging
3. Energi og bymiljø
4. Arkitektur og attraktivitet

1. AREALBRUK OG TRANSPORT

Desse omfattar tema knytt til arealbruk, transport, mobilitet, uteareal, barn og unge.

Ein forventar at Fosnavåg vil verte forsterka som eitt kommunikasjonssentrum i åra som kjem. Gjennom handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel har ein prioritert 3 tiltak som oppgåva må ta omsyn til. Dette gjeld hurtigbåtkai, djupvasskai og framtidsretta kryssing av Vaulane.

Fosnavåg skal utviklast med bærekraftige og innovative løysingar innan transport. Forslaga skal vise løysingar for både gang- og sykkeltransport, kollektivtransport samt tiltak som reduserer behovet for bil og parkering. Ei målsetjing er at gange og sykkel skal nyttast på dei korte turane, mindre enn 2km.

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- Plassering, bruk og utforming av offentlege møteplassar
- Legge til rette for mogelegheit i livstilendring der bærekraft perspektivet er ivarettatt
- Samspel mellom offentlege plassar, privat og offentlig tenesteyting, kollektivtransport, kvadratur og sjøfront
- Korleis ein legg til rette for korte gangavstandar mellom offentlege uteareal, bysentrum, lokale service-tilbod, arbeidsplassar og sjøfront
- Sambinding mellom sentrum og Vågsholmen og betra gateutforming/ -struktur der dei mjuke trafikantane er prioriterte
- Alternative løysingar for parkering, bilbruk og miljøvenlege transportmiddel i sentrum
- Prinsipp for interne gang- og sykkelvegnett i oppgåveområdet som er lett tilgjengelege, effektive, trygge og attraktive i all slags vær året gjennom herunder sykkelparkering
- Tiltak som legg til rette for at Fosnavåg kan etablere gode og attraktive kaiareal retta mot passasjertrafikk i ytre del av hamna
- Tiltak som legg til rette for attraktive og solrike bryggeareal retta mot småbåtturisme



2. KLIMAVENNLEG BYGGING

Bærekraftige materiale som er haldbare og er kortreiste løftar staden sine kvalitetar og attraktivitet samtidig som det tener det lokale næringslivet.

Dei enkelte bygningane si utforming i forhold til integrert energidesign, kvalitet på uteareal og miljøvenlege materiale skal bidra til eit bærekraftig bymiljø.

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- Varierte bustadar og uteområde som er attraktive for alle
- Ulike alternative strukturar for busetnad som har fokus på minimal energibruk
- Bustadtypologiar som bidreg til redusert arealbruk per person
- Planar for busetnad og organisering av nye volum som gjennom utforming og plassering er optimalisert med tanke på energiløysingar
- Nye bygningar i område med minimum passivhus-standard eller andre løysingar som gir minimale klimagassutslepp
- Moglege bærekraftige strategiar og løysingar for materialbruk
- Konsept for energirehabilitering og -effektivisering av dagens bygningsmasse





3. ENERGI OG BYMILJØ

Fosnavåg skal utviklast med bærekraftige og innovative løysingar innan energiforbruk og energiforsyning. Det er ønskjeleg med forslag som viser strategiar for auka bruk av fornybar energi, innovative energiløysingar og gir rom for utnytting av lokale ressursar og naturgjevne føresetnader.

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- Kollektive løysingar
- Korleis ein kan utnytte lokale fornybare energikjelder (eks. solenergi, vind, bølge, hav bioenergi).

Materialbruk i bygningar

Drøfting av kva som er klimavenleg materiale som er haldbare, kortreiste og som løftar staden sine kvalitetar og attraktivitet.

Materialbruken skal være tilpassa framtidas kystklima og ein må drøfte korleis materialval og byggemetodar kan tilføre kompetanse til og utvikling av det lokale næringslivet.

Klimatilpassing

Bygg og møteplassar skal utformast med omsyn til lokale klimatiske tilhøve og skape eit godt mikro-klima. Forslaga må også ta omsyn til framtidig ekstremvær, havnivåstigning, bølgepåverknad og rasfare.

- Vurder ulike landskapsformer, grønne strukturar eller liknande som reduserer utfordringane
- Beskriv prinsipp for handtering av overvatn og flaum



4. ARKITEKTUR OG ATTRAKTIVITET

Ein skal sjå korleis eksisterande sentrum, Vågsholmen og dei nye områda kan utviklast til eit heilskapleg og attraktivt sentrumsområde med høg arkitektonisk kvalitet og knytast naturleg saman med omgivnaden. Viktige element blir dei moglegheitene og avgrensingar som ligg i dei nye prosjekta som er beskrivne i vedlegg 6.

Fosnavåg skal utviklast til ein attraktiv og bærekraftig by med urbane kvalitetar med møteplassar som har høg arkitektonisk kvalitet, er godt tilrettelagde og universelt utforma. Utviklinga av Fosnavåg skal spele på staden sine kvalitetar ved sjøen. Folkehelse og fysisk rekreasjon skal inngå som ein viktig del i planlegginga av Fosnavåg sentrum.

Attraktive byar og stadar med fokus på miljø for næringsutvikling og nyskapande næringsliv er viktig for bedrifter med omsyn til vekst. Kommunar som lukkast i å legge til rette for langsiktig næringsutvikling opplever auka interesse for nyetableringar. Fosnavåg skal utviklast til ein by som forsterkar eit robust næringsliv og gir rom for at nytt næringsliv vert skapt.



ATTRAKTIVITET

Forslaga kan m.a. gi innspel om:

- Varierte bustadar og uteområde som er attraktive for alle i ulike livsfasar
- Utnyttinga av Fosnavåg si plassering ved sjøen gjennom tilrettelegging for auka bruk av strandlina
- Tilrettelegging for gode og solrike uteområde som reduserer utfordringane knytt til støy og vind og som bidreg til fysisk rekreasjon i og utanfor sentrum
- Korleis kulturaktivitetar og -arenaer kan bidra til Fosnavåg si sosiale bærekraft gjennom forslag til konkrete prosjekt (drøfte)
- Korleis utnytting av eksisterande eller skape nye truverdige arenaer og møteplasser for innbyggjarar og gjestar som kan bidra til at Fosnavåg si økonomiske bærekraft vert styrka (drøfte).

ARKITEKTUR OG FUNKSJON

God og bærekraftig arkitektur er ein viktig premis for å sikre gode levevilkår og for at folk skal trivast i byen sin. Gode arkitektoniske løysingar er ein føresetnad for god utvikling av staden og vil verte vektlagt mykje i evalueringa.

- Byggje vidare på sentrumskvadraturen med ein heilskapleg sjøfront
- Sentrum for alle, alle aldersgrupper skal trivast i sentrum
- Vise korleis ein best mogleg tek vare på naturkvalitetar og knyter eksterne kvalitetar til sentrum
- Undersøkje og illustrere kva utnyttingsgrad som sikrar eit godt bu- og bymiljø, gir urbane kvalitetar og samstundes gir lavast mogleg klimagassutslepp (nye bygg, uterom, gater og andre offentlege rom). Lokalisering og sambruk
- Syne og skissere egna stadar for ei differensiert bustad masse (livsstil, uteområde, leik, arealeffektivitet osv.)
- Korleis ein kan styrkje «handels- og næringsområde 500» frå det nye hotellet til ytre del av Fosnavåg.

4

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

AKTIVITETSPLAN

Totalt tidsforbruk er sett til:

- Veke 7 oppstartsseminar (1 dag)
- Arbeid i periode 1 (4 veker)
- Veke 12 Midtvegsverkstad (2 dag)
- Arbeid i periode 2 (4 veker)
- Veke 18 Seminar ved avslutning (1 dag)
- Utstilling

Oppstartsseminar:

Grupper mottok supplerande info og det vert gjennomført besøk i Fosnavåg sentrum.

Arbeidsperiode 1:

Grupper arbeider sjølvstendig med utvikling av idear og skisser.

Midtvegsseminar/verkstad:

Grupper presenterer idear for kvarandre, oppdragsgjevar og fagekspertar. Utveksling av idear, kritikk og diskusjon. Verkstad for medverknad og folkemøte.

Arbeidsperiode 2:

Grupper arbeider sjølvstendig med vidareutvikling av skisser på bakgrunn av tilbakemeldingar frå verkstaden

Avsluttande seminar:

Presentasjon og drøfting av ferdige oppgåver - utstilling. Seminaret skal gi inspirasjon og engasjement for å ta prosessen vidare med utarbeiding av reguleringsplan og legge til rette for god og trygg medverknad frå innbyggjarane.

MIDTVEGS INNLEVERING

På verkstaden skal gruppene vise eit første hovudgrep for utvikling av Fosnavåg by. Materialet skal ha ei form som gjer evalueringskomité og andre deltakarar på verkstaden i stand til å vurdere innhaldet og gi tilbakemeldingar.

- Skisse illustrasjonsplan: Idear skal presenterast i ein overordna illustrasjonsplan i målestokk som viser struktur på busetnad, trafikk- og uteområdebruk, grønstruktur og rekreasjonsområde.
- Skisse av et delområde: Plan og snitt av eit delområde med karakteristiske trekk.
- Utkast til prosessbeskriving : Beskrivande tekst eller stikkord som forklarar moglege strategiar for utvikling av sentrum/delområde.





AVSLUTTANDE INNLEVERING

Det er deltakarane sitt eige ansvar å velje presentasjonsform og kva grad av detaljar som skal vere med. Det skal takast omsyn til at materialet skal ha god lesarheit og vere tilgjengeleg, ikkje berre for evalueringsgruppa men og for publikum. Følgjande materiale skal presenterast på det avsluttande seminaret og leverast etter avslutta arbeidsperiode:

ILLUSTRASJONAR

Illustrasjonar for området på overordna nivå

Etter nærare avtale skal det framleggast plan i eigna målestokk for heile området med tilhøyrande beskriving. Planen skal vise struktur for busetnad og uteområde (infrastruktur og opphaldsareal), og gjere greie for organisering og plassering av ulike funksjonar som eksempelvis handel.

Planar og snitt for karakteristisk(e)delområde

Planar og snitt i valfri målestokk som viser utsnitt av eitt eller fleire karakteristiske delområde, med fokus på bygnings- og bustadtypologi.

Prinsipp for gang- og sykkelvegnett

Drøfte prinsipp for gang- og sykkel samband innanfor

området. Frå bustadar og andre funksjonar til kollektivtilbod, sykkelvegnett utanfor området, samt viktige servicefunksjonar.

Illustrasjonar og eksteriørperspektiv

Det skal leverast illustrasjonsskisser i tillegg til 3D-skisser og/eller fotomontasje i valfri målestokk. Berekningar for å dokumentere forventa utnytting av området:

Totalt bruksareal (BRA) for heile planområdet, som:

- Nytt BRA, fjerna BRA og rehabilitert BRA
- Fordeling av totalt BRA mellom bustad og andre funksjonar
- Fordeling av BRA på ulike delområde

Sum bustadar per dekar:

- For området totalt sett
- For dei ulike delområda

Anna:

• Overordna energistrategi. Beskriving av overordna energistrategi, med forventa type energiforsyning og forbruk, i tillegg til diagram eller liknande som forklarar prinsipp og grep for heile forslaget.

• Beskriving i form av tekst/diagram/skisser som viser korleis utfordringar knytt til vind og støy kan løysast.

INNLEVERINGSFORM

Til midtvegsverkstaden ønskjer ein digital presenta-sjon. Materialet som vert presentert skal og leverast som utskrift/hefte i A3 format. Både presentasjon og tilhøyrande hefte skal sendast over digitalt seinast to dagar før midtvegsverkstaden via Dropbox eller tilsvarende teneste.

Til avsluttande innlevering skal det leverast maks 8 A1 plansjar i liggande format. Materialet som vert presentert skal også leverast som hefte i A3 format. Plansjar saman med 5 eksemplar av heftet skal leverast fysisk (utskrift). I tillegg skal plansjar og hefte sendast over digitalt via Dropbox eller tilsvarende teneste.

Endelege fristar og detaljar rundt digital levering vert annonsert i god tid. Målestokk skal gå fram på alle planar og profilar. Deltakande grupper har sjølv eit ansvar for å forsikre seg om at digitale sendingar er mottatt.

ORGANISERING

Parallelloppdraget sin organisasjon består av:

- deltakande grupper; 3 grupper vert plukka ut til å delta i parallelloppdraget som eit resultat av ein open anbodskonkurranse.
- evalueringskomité; representant frå Herøy kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Herøy næringsforum. Evaluering vert gjennomført av ein evalueringskomite i samarbeid med ei arbeidsgruppe. Evalueringskomiteen vil utarbeide ein fagleg begrunna innstilling som deretter vert presentert og drøfta i arbeidsgruppa.
- Arbeidsgruppa har avgjerdsmynde og vil ta den endelege avgjerda om tildeling av oppdrag
- prosessleiing; Fagavdelinga i Norske arkitekters landsforbund har prosessleiing for den opne prosessen i parallelloppdraget. Det inneber ansvar for programmet (innhald og metode) for seminaret ved oppstart, midtvegsverkstaden og avslutning/presentasjon.
- eit opponentpanel; Panelet vil vere samansett av ekspertar innan aktuelle fagfelt (planlegging/arkitektur, miljø/klima, transport, landskapsarkitektur/grønt, eigedomsutvikling, prosjekterande, entreprenørar, grunneigarar osv.). Rolla til opponentpanelet vil m.a. vere å utfordre dei ulike gruppene undervegs. i prosessen i tilknytning til verkstadane.
- sekretariat; samansett av representantar frå Herøy kommune som vil hjelpe evalueringskomiteen og prosessleiing med administrative og praktiske oppgåver.

EVALUERING

Det vil verte gjort ei grundig evaluering av forslaga. Første skriftlege tilbakemelding vert gitt til grupper etter midtvegsverkstaden. Etter at endelege forslag er levert inn skal det gjevast ei avsluttande evaluering som skal presenterast i ein evalueringsrapport.

Målet er at evalueringa skal få fram kva for kvalitetar i forslaga som bør takast med i det vidare arbeidet med reguleringsplan for området.

Målet er og at evalueringa skal bidra til læring hjå alle involverte. Evalueringa vert gjort av evalueringskomiteen. Komiteen vil innhente naudsynt ekspertise innan energibruk, areal- og transportplanlegging, bustadkvalitetar/livsstil, eigedomsutvikling m.m. Evalueringskomiteen deltek som opponentar undervegs.

FORSIKRING

Oppdragsgjevar vil ikkje forsikre det innleverte materialet. Ein legg til grunn at deltakarane oppbevarer originalmaterialet og har ein digital versjon av det utarbeidde materialet sjølve.

EIGEDOMS- OG OPPHAVSRETT

Herøy kommune har den materielle eigedomsretten til alt innlevert materiale. Kommunen har rett til å nytte alle idear og forslag i det vidare arbeidet med planlegging av Fosnavåg. Kommunen har ikkje rett til å nytte materialet direkte i annan samanheng eller å overføre materialet til andre sitt bruk.

UTSTILLING AV UTKAST

Herøy kommune har fri rett til å stille ut og publisere det innleverte materialet, under føresetnad at opphavsperson/gruppe vert namngjeven.

FORHOLD ETTER PARALLELLOPPDRAGET

I utgangspunktet skal ingen vinnar kårast, men dei ulike løysingsforslaga kan alle bli brukt i utforming av ein reguleringsplan. Det vert opp til kommunen å avgjere om det skal tildelast oppdrag i etterkant av parallelloppdraget.

KONTAKTPERSONAR:

Jarl Martin Møller
e-post: jarl@heroy.kommune.no
Telefon arbeid: 70081300
Telefon mobil: 97506761

OM VEDLEGG

Følgjande dokument skal lesast:

- Planstrategi for Herøy kommune, 2012-2016
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2013-2025
- Kjerneområde og historie

Andre relevante dokument og utgreiingar vil vere tilgjengelege ved oppstart av parallelloppdraget samtidig som relevante dokument og materiale vert lagt ut på felles Dropbox etterkvart.

Kontaktinformasjon:

Jarl Martin Møller
e-post: jarl@heroy.kommune.no

Telefon arbeid: 70081300
Telefon mobil: 97506761

BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOR FOSNAVÅG PARALLELLOPPDRAG

www.heroy.kommune.no

